

Saksbehandlar: Statens vegvesen
Sak nr.: 16/790-1

Mindre skredsikringstiltak 2016

::: [Sett inn innstillingen under denne linja](#) ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Midlar til mindre skredsikringstiltak vert fordelte slik:
 - Fv. 633 Kleiva 2 mill. kr
 - Fv. 615 Reddasvora 3 mill. kr

::: [Sett inn innstillingen over denne linja](#) ↑

... [Sett inn saksutredningen under denne linja](#) ↓

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Oversikt over skredsikringsbehov på fylkesvegar i Sogn og Fjordane:

<http://www.vegvesen.no/Fag/Teknologi/Geofag/Skred/Skredsikring/Region+vest?lang=nn>

FT-sak 46/13 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023

FT-sak 68/2015 Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19

FT-sak 52/2015 Sikring av fv. 633 ved Kleiva

SAKSFRAMSTILLING**1. Bakgrunn for saka**Grunnen for at saka er fremja

I Fylkestinget si handsaming av Regional transportplan 2014-2017 og prioritering av tilskot til rassikringstiltak for den komande perioden, er det sett av 10 mill. kr årleg til mindre skredsikringstiltak. I denne saka gjer vi framlegg til korleis ufordelte midlar skal nyttast i 2016.

Historikk - tidlegare vedtak

I NTP 2014-2023 er det lagt opp til ein gjennomsnittleg årleg tilskotsramme til rassikring av fylkesvegar (post 62 i statsbudsjettet) på 750 mill. kr per år. Av dette er ramma til Sogn og Fjordane 487 mill. 2014-kr i fireårsperioden 2014-2017. Prioritering av dette tilskotet vart handsama i FT-sak 46/13 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023 i fylkestinget 11. desember 2013. Fylkestinget gjorde slik prioritering:

1. Fv. 337 Bjødnabakken/Lindeskreda
 2. Fv. 55 Renninganeset
 3. Fv. 722 Flovegen
 4. Fv. 53 Jåteli
 5. Fv. 55 Kjenes – Bru over Esefjorden
 6. Fv. 609 Heilevang
 7. Fv. 92 Arnafjord
 8. Fv. 616 Davikstranda
- Upri. Mindre tiltak – 10 mill. kr årleg

Dei to første prosjekta på prioriteringslista vil vera ferdige i løpet av 2016. I FT-sak 52/2015 Sikring av fv. 633 ved Kleiva gjorde Fylkestinget slikt vedtak:

1. «Fv. 633 Kleiva vert prioritert før fv. 722 Flovegen i prioriteringslista for rassikring.
2. Midlar til prosjektering og planarbeid på fv. 633 Kleiva vert dekt av løyvinga til ufordelte mindre skredsikringstiltak i 2016.
3. Planlegginga på Fv 722 Flovegen går vidare som planlagt.»

Vi starta prosjektering på følgjande tiltak i 2015 med tanke på finansiering innan ramma på 10 mill. kr til mindre skredsikringstiltak i åra som kjem:

Tiltak	Merknad/status	Skredfaktor
Fv. 242 Skjerdalsberget	Reinsk og sikring, kostnadsoverslag 5 mill. kr	5,4
Fv. 50 Østerbø	Det trengst ein vinter til for å vurdere plassering av Wyssentårn	4,6
Fv. 241 Nautgrovi	Ferdig prosjektert, treng avklaring om reguleringsplan, kostnadsoverslag 12 mill. kr	5,5
Fv. 53 Eldegardsberget	Ikkje ferdig prosjektert	5,2
Fv. 615 Bukollesvora/Reddasvora	Prosjektert, kostnad 11 mill. 2016-kr	4,2

I samband med fylkestinget si handsaming av FT-sak 68/2015 Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19, vart det løyvd 5 mill. kr av ramma til mindre skredsikringstiltak i 2016 til reinsk og sikring av fv. 242 Skjerdalsberget i Aurland.

Sentrale problemstillingar

Vi har ei ufordelt løyving til mindre skredsikringstiltak på 5 mill. kr i 2016. Av dette skal vi finansiere planlegging og prosjektering på fv. 633 ved Kleiva i tråd med fylkestinget sitt vedtak i sak 52/2015. Til dette arbeidet har vi behov for 2 mill. kr. Dette medfører at vi har 3 mill. kr i ufordelt løyving:

Ramme 2016 (mill. kr)	10 mill. kr
Fv. 242 Skjerdalsberget	5 mill. kr
Fv. 633 Kleiva	2 mill. kr
<u>Ufordelt</u>	<u>3 mill. kr</u>

Vi foreslær å løyve resterande midlar til oppstart av sikring på fv. 615 /Reddasvora (tidlegare omtala som Bukollesvora). Tiltaket er stort sett ferdig prosjektert, men det står att nokre geotekniske undersøkingar som må gjerast til våren.

Prosjektomtale fv. 615 Reddasvora

Tiltaket omfattar sikring av Reddasvora med rasvoll. Det var meininga å skredsikre her i 2011, men då vart dette arbeidet stoppa til fordel for andre tiltak som hasta meir. Prosjekteringsarbeidet har såleis føregått nokre år. Prosjektet er kostnadsrekna til 11 mill. 2016-kr.

Prosjektet har tidlegare vore omtala som fv. 615 Bukollesvora, noko som skuldast forveksling av namn. I oversikta over skredsikringsbehov frå desember 2015 er dei omtala som *eitt skredløp* (Bukollesvora/Reddasvora). Avstanden mellom dei er i underkant av 100 meter, med ei samla utstrekning på 240 m. Det er Reddasvora som har hatt størst aktivitet. På synfaring 1. desember 2014 var det ikkje teikn i vegetasjonen på at Bukollesvora har hatt ras siste 10 åra. Reddasvora har gått fleire gonger dei siste 5-6 åra.

Framdrift

Då grunnundersøkinga først kan skje i mai, er tidligaste utlysningstidspunkt i siste del av juni 2016, og tidligast oppstart september. Det betyr at dersom framdrifta på andre rassikringsprosjekt gjer at det er mogleg å tilføre dette prosjektet meir midlar i samband med handsaming av 1. tertialrapport, kan det vera mogleg å utføre tiltaket i perioden september -

november 2016. Alternativt kan det lysast ut vinteren 2017 og vi kan bruke sommaren 2017 til å gjera dette ferdig med løyving frå mindre skredsikringstiltak i 2017.

Andre opplysningar

Prosjektering av sikringsarbeidet på fv. 242 Skjerdalsberget syner at det kan vera utfordrande å opphalde seg i dette området for å reinske og sikre vegen ut frå omsyn til HMS for arbeidarane, og liten sannsynleg verknad av moglege sikringstiltak. Dette må vi koma attende til i seinare.

2. Vurderingar og konsekvensar


Økonomi- og budsjettkonsekvensar

I 2015 hadde vi eit mindreforbruk innan skredsikring på fylkesveg på 18,3 mill. kr. Det er uheldig at løyvde midlar til skredsikring ikkje blir nytta det året dei er løyvde, då det kan skape eit inntrykk av at behovet for midlar til skredsikring ikkje er så høgt. Dette kan påverke framtidige løyvingar til føremålet.

3. Konklusjon

Vi føreslær at ufordelt løyving på 5 mill. kr til mindre investeringstiltak vert nytta til planlegging og prosjektering på fv. 633 ved Kleiva i samsvar med Fylkestinget sitt vedtak 8. desember, samt klargjering for sikring av fv. 615 Reddasvora.

Fylkesdirektøren er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen.



... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑